



Sonja Solli Fløysand
Sagstadvegen 51
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1589 - 14/5346

Saksbehandlar:
Lillian Straumøy Brakstad
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:
22.04.2014

Godkjenning tiltak utan ansvarsrett - oppføring av carport m/veranda over på Langeland, gnr 24 bnr 59.

Administrativt vedtak. Saknr: 80/2014

Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad motteke 02.04.2014 i Meland kommune. Søknaden gjeld bygging av carport med veranda oppå på Langeland, gbnr 24/59.

Vurdering:

Planstatus:

Eigedomen ligg i kommuneplanen som LNF-område. Tiltaket krev ikkje dispensasjons-handsaming då eigedomen er bebygd.

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla 30.03.2014. Det er ikkje motteke merknader til varselet og alle naboar har samtykka til tiltaket. Det er ikkje naudsynt med ytterlegare varsling i saka. Nabovarslinga vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonskart motteken 02.04.2014. Tiltaket må verte brannsikra i samsvar med teknisk forskrift av omsyn til fare for brannsmitte. Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29-4.

Planløysing og utsjånad:

Tiltaket har forsvarleg planløyising og er i samsvar med Pbl § 29-1.

Vedtak

”Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-2 løyve til bygging av carport med veranda oppå på gbnr 24/59 i samsvar med søknad motteke 02.04.2014.

Det vert vist til vedlagte kart og teikningar motteke 02.04.2014 og 14.04.2014.

Plassering som vist på kart stempla motteke og med følgjande toleransekrav:
I horisontalt plan + - 50 cm. I vertikalt plan + - 20 cm.

Opplysningar om bygget, - type bygg, areal, tiltakshavar/ansvarleg søker – som kjem fram i søknaden, vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova.

Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjeve unntak.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Meland kommune ber om at det vert meld frå når tiltaket vert starta opp og ferdigstilt.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde.”

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.skriv vedtak her>

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Mottakere:

Sonja Solli Fløysand

Sagstadvegen 51 5918

FREKHAUG